

## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
088/20	Formannskapet	PS	04.11.2020
	Heradsstyret	PS	
021/20	Eldrerådet	PS	12.11.2020
017/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	12.11.2020

Saksbehandlar	ArkivsakID
Øyvind Johannessen	20/1290

### Budsjett 2021 med økonomiplan 2021 - 2024

#### Vedlegg:

Osterøy kommune\_Budsjett 2021 og Økonomiplan 2021-2024

Brev frå dei tilsette i Valestrand barnehage

Brev frå ein reinhaldar

Brev frå Fotlandsvåg FAU, grenderåd og LivOGlyst

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**«Budsjett for 2021, økonomiplan 2021-2024 samt investeringsplan 2021 til 2024 vert vedteke på grunnlag av rådmannen si saksutgreiing til formannskapet inkl budsjettokument og hovudoversikter, oog med slike driftsrammer for 2021:**

Alle tall i tusen

<b>Midlar til fordeling (frå 1A)</b>	<b>480 544</b>
Midlar til fordeling (frå 1A)	480 544
Rådmannen/stabsseksjonar	39 705
Oppvekst, undervisning og kultur	202 387
Helse, omsorg og sosial	218 750
Samfunnsutvikling (eks sjølvkost)	49 069
	-
Sjølvkostområda (gebyrfinansiert)	(9 000)
	-
	-
Sum inkl sjølvkost	500 911
	-
Sentrale postar	(13 990)
Lønsreserve	12 000
Sum skjema 1B	498 921
	-
Meir-/mindreforbruk	(18 377)
	-
Sektorane inkl lønsreserve	521 911
Sentrale postar:	
Kyrkja	(4 800)
Mva-komp	12 400
Pr.avvik	14 200
Div -Korona utgifter	(7 810)

sum

13 990

Underskot på kr. 18 377 000,- er budsjettert dekket inn ved hjelp av disposisjonsfond og budne driftsfond.

- a. **Alle kommunale avgifter, gebyr, betalingssatsar og vederlag vert auka med 3 % frå 01.01.20 med mindre anna er nemnd særskild i budsjettpremissane, dette vedtaket eller andre reglar som fylgjer av lov eller føresegn.**
- b. **Føresegnar for tømning av slamavskiljarar, tette tankar m.v. for Osterøy kommune vert, i medhald av Lov av 13.03.1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall(Forureinsingslova) § 26, 3. ledd, § 30, 2. og 3. ledd og §34, endra i tråd med vedlagde framlegg datert 13.11.2018, gjeldande frå 01.01.2019.**
- c. **Med verknad frå 01.01.2021 vert gebyr- og avgiftssatsane innan dei tekniske tenestene vatn, avlaup, slam, og feiing (sjølvkost) endra/fastsett i tråd med vedlagde dokument: «Framlegg til gebyr Tekniske tenester 2021»**
- d. **Gebyrsatsane for tekniske forvaltningstenester vert endra/fastsett frå 1.1.21 i tråd med vedlagte dokument: «Gebyrregulativ 2020 Plan-teknisk forvaltning - framlegg».**
- e. **Renovasjonsgebyr.**
- f. **Osterøy kommune vedtek at BIR Privat AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Osterøy kommune, jfr § 12 i Forskrift om handtering av avfall frå hushaldning.**
- g. **Prisen på renovasjonstenesta for 2021 vert sett opp med 5,0 %, med unntak av eigendelen for levering til gjenvinningsstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra. Kommunal påslag vert sett til kr 15.**
- h. **Osterøy kommune vedtek avfallsgebyr i tråd med vedlagte prismatrise i dokumentet: Renovasjonsgebyr Osterøy kommune 2021.**
- i. **Satsane for foreldrebetaling i barnehage vert halde i samsvar med statlege føringar i statsbudsjettet (maksimalpris). Frå 01.08.21 fell tilbodet om 4 dagers plass bort.**
- j. **Betalingsatsane for Skulefritidsordning (SFO) vert slik frå 01.01.2021.:**
- k. **Mindre enn 9 timar veke                      kr.1 500 (auker med kr.50,- )**
- l. **9-15 timar veke                                kr.1 800(auker med kr.50,- )**
- m. **Meir enn 15 timar veke                    kr.2 100 (auker med kr.50,- )**
- n. **Betalingsatsane for Skulefritidsordning (SFO) vert slik frå 01.08.2021.:**
- o. **Mindre enn 9 timar veke                    kr.1 700 (auker med kr.200,- )**
- p. **9-15 timar veke                                kr.2 000(auker med kr.200,- )**
- q. **Meir enn 15 timar veke                    kr.2 300 (auker med kr.200,-)**
- r. **Brukarbetaling for kulturskolen vert sett til kr 4 430 pr år (uendret).**

- s. Fribeløp og eigendelar for kommunale helse- og omsorgstenester vert fastsett i samsvar med I-rundskriv for 2021 frå helse- og omsorgsdepartementet.
- t. Husleige i kommunale bygg for løpande avtalar vert auka tilsvarende endringa i konsumprisindeks sidan siste regulering, så langt anna ikkje følgjer av tidlegare vedtak i heradsstyret eller lov/føresegn. Ved inngåing av nye leigeavtalar vert husleiga tilpassa marknadspris.
- u. Låneopptak (nye lån) til finansiering av investeringsprosjekt budsjettert i 2021 vert kr 82,4 millionar, herav sjølvkostlån kr 20,95 millionar.
- v. Låneopptak til formidlingslån (Husbanken) vert sett til kr 8 millionar.
- w. Heradsstyret vedtek gjeldande låneportefølje for Osterøy kommune. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei låna rådmannen finn det føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.
- x. Eigedomsskatt vert vidareført på alle eigedomar i Osterøy kommune for 2021.
- y. Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille (lova sin maksimalsats).
- z. Eigedomsskattesatsen for bustad- og fritidseigedomar vert sett til 4,0 promille, jfr. eigedomsskattelova paragraf 12 bokstav a.
- æ. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0.
- ø. Det vert nytta formuesverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for eigedomsskattegrunlaget for bustadeigedomar der slike verdiar ligg føre
- å. Klagenemnda for eigedomsskatt får kompetanse til å handsama klager etter paragraf 19 i eigedoms-skattelova, jfr. paragraf 20 i eigedomsskattelova.
- aa. Saker som kan medføra endring av dei vedtekne budsjettrammene skal leggjast fram for formannskap/heradsstyre til avgjerd før tiltak vert sett i verk.
- bb. Rådmannen har framleis fullmakt til å gjera unntak i særskilde høve. I slike høve skal formannskapet/heradsstyret snarast orienterast om dette.
- cc. Budsjettoverskridingar skal dekkast innan eige budsjettområde.
- dd. Budsjettramma til Kyrkjeleg Fellesråd vert sett til kr 4,8 millionar.

## **Formannskapet - 088/20**

### **FS - behandling:**

Til møtet blei følgjande dokument lagt ved i saken:

- Spørsmål frå Hjalti H. Gislason datert 01.11.20 med svar frå økonomisjefen
- Brev frå Fotlandsvåg FAU, grenderåd og LivOGlyst, sendt pr epost 04.11.20
- Brev frå ein reinhaldar sendt pr epost 29.10.20
- Brev frå dei tilsette i Valestrand barnehage, sendt pr epost 03.11.20

-----  
 Økonomisjefen møtte i saka. Han presenterte budsjett for 2021 og økonomiplan for 2021-2024.

Sektorleiar for helse, omsorg og sosial og sektorleiar for oppvekst, skule og kultur var også til stades for å kunne svare på spørsmål for sin sektor.

-----  
**AVRØYSTING:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak - Samrøystes vedteke

**FS - vedtak:**

**Budsjett for 2021, økonomiplan 2021-2024 samt investeringsplan 2021 til 2024 vert lagt fram til drøfting på grunnlag av rådmannen si saksutgreiing til formannskapet inkl budsjettokument og hovudoversikter**

**Eldrerådet - 021/20**

**ELD - behandling:**

I starten av møtet vart det halde ei felles orientering for Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne om framlegg til budsjett 2021. Orienteringa var ved rådmannen. Det var høve til å stilla spørsmål i tilknytning til orienteringa.

-----  
Aksel Låstad, RFF, tok opp spørsmål om forslag til kutt i fysioterapi og mogeleg rettssak som følgje av dette.

Rådmannen, viste til at denne tenesta har fleire årsverk enn det er i andre samanliknbare kommunar, medan Osterøy har færre legeårsverk enn andre i h.t. til innbyggjartalet. Utfallet av ei mogeleg rettssak kan ein ikkje vita. Fysioterapeutar kan og driva utan driftstilskot. Å fjerna foreslåtte kutt inneber at ein må kutta meir på andre område.

Rådmannen viste til at ein burde ha kutta meir, då budsjettetframlegget er saldert ved bruk av fondsmidlar.

Ove Kleiveland, ER, viste til at slik budsjettet ligg føre no vil det behov for ytterlegare bemanningsreduksjon skal ein unngå at situasjonen blir verre i 2022.

-----  
*Eldrerådet si handsaming:*

"Eldrerådet tek framlegget til budsjett 2021 til etterretning. I det vidare budsjettarbeidet med kutt og bemanningsreduksjonar ber ein om at tenester til eldre og pleietrengande vert skjerma mot kutt så langt det er råd."

-----  
**ELD - vedtak:**

Uttale frå Eldrerådet:

"Eldrerådet tek framlegget til budsjett 2021 til etterretning. I det vidare budsjettarbeidet med kutt og bemanningsreduksjonar ber ein om at tenester til eldre og pleietrengande vert skjerma mot kutt så langt det er råd."

### **Saksopplysningar:**

#### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

Rådmann sitt framlegg til budsjett for 2021 vert med dette lagt fram til politisk handsaming. Rammene for 2021 budsjettet er krevjande og inneheld omfattande innsparingstiltak. Det har ikkje vore mogeleg å få til eit saldert budsjett utan bruk av disposisjonsfond og bruk av bundne driftsfond.. I tekstdelen til budsjettet gjer vi greie for konsekvensane av budsjettframlegget.

Vi veit at fleire av tiltaka rådmannen foreslår kan vere vanskeleg å akspetere. Rådmannen meiner likevel at det er naudsynt å gjere desse grepa dersom vi skal klare å saldere budsjettet innanfor den ramma vi har til disposisjon, samstundes som vi skal ha ei forsvarleg drift. Kutta i sektorane er store og kanskje på grensa til det som realistisk i høve til om vi oppnår ynskt effekt raskt nok.

#### **Vurdering**

Sjå ovanfor.

#### **Konklusjon**

Saka vert lagt fram til handsaming og tilråding til vedtak.